

---

**Fra:** Ordførar Lindås  
**Sendt:** 14. september 2017 09:56  
**Til:** Arne Eikefet; mg-tang@online.no  
**Kopi:** Hogne Haugsdal; Ståle Juvik Hauge; Tove Mette Arnø Fyllingen; Stein Hallgren <s-hallgr@online.no> (s-hallgr@online.no); Hogne Haugsdal  
**Emne:** SV: Hellesåsen/Apalen, - tilbakemelding etter møte med SVV 07.09.17

Hei

Takk for mail frå Arne vedk trafikk sikring Hellesåsen / Apalen.

Utvalsleiar Ståle og eg har drøfta dette mange ganger. Vi har også snakka med våre medpolitikarar, og vi hadde dette oppe i utvalsleiar møte i august. Vi ynskjer som vi har sagt heile vegen å finne løysingar slik at utviklinga skjer og ein kan få realisert reguleringsplanane.

Men, det er ikkje alltid like lett – og der er mange meiningar om dette.

Ståle eg og eg tenkjer at vi møtes til ein ny dialog ganske snart – eg skal finne eit møtetispunkt, men med i møtet ynskjer vi at vi tek med oss fylgjande til drøfting :

Med bakgrunn i den prosessen som har vert rundt reguleringsplan for Hellesåsen så må vegen vidare leggjast. Prosessen viss ein skal få ønska utvikling innanfor ei kostnads- og tidsramme som gir utvikling innan for ein kort horisont, må inn på eit anna spor enn dagens.

Politisk var det vilje til å utvikle Hellesåsen som bustadområde. Det ble vist ved at reguleringsplan fikk sin gode behandling i alle politisk organ. I behandlinga av plan kom det inn forslag om rekkefølgekrav på eit seint tidspunkt i behandlinga av plan.

Forslaget om rekkefølgekravet var sannsynleg eit ønskje om å auka trafikktryggleiken til dei mjuke trafikantane. Forslaget fekk brei støtte i alle partier.

Vi ser at dette var uheldig så seint i prosessen og utan at fagfolk/saksbehandlarar fekk vurdere om det som blei foreslått var fagleg riktig og naudsynt.

SVV/Fylket hadde ikkje på førehand signalisert nokon rekkefølgekrav i høyringsrundane. Det er eit faktagrunnlag å ta med seg i vidare prosess. Det som er helt klart er at regionalmynde no behandlar moglegheitene i plan ut frå korleis plan er utforma og vedtatt, med tilhøyrande rekkefølgekrav. Dette vil nok også vurderast desrom fylket skal event gå inn med midler. Slik fylkeskommunen pleier å gjere når det er snakk om eit spleiselag er å sjå om der ligg føre rekkefølgekrav – og dersom ja, så tenkjer dei utbyggjar skal ta desse kostnadane.

Med bakgrunn i andre saker så tenkjer vi at den beste løysinga no ( sidan dette også er sjekka ut ) er at ein starter ei rullering/planendring av plan. Ein vil då kunna sjå på trafikk situasjon på nytt, både ÅDT(årsdøgntrafikk) grunnlaget og andre moglegheiter til å styrka trafikktryggleiken i plan området. Då kan ein også foreslå trafikk sikringstiltak i tråd med dei midlene utbyggjar meiner er forsvarlege nok.

Strekninga er ikkje nemnt spesielt i NH-pakka, og må soleis kjempa med andre uspesifiserte prosjekt i den, og pakken kjem ikkje til handsaming i Stortinget før sein haust – antaglivis i desembermøtet. Etterpå skal fylkeskommunen og kontaktutvalet for NHpakken drøfte gjennomføring – endre på kostnader etc...så det tek uansett lang tid før ein veit noko om trafikk sikringsmidlene i pakken. På den tid kan ein ha gjennomført ei planendring og fått denne opp til politisk handsaming. Noko snarleg finansiering over fylkesbudsjettet kan også vere krevjande då investeringsprogrammet for regional tranportplan generell er dårleg for heile Nordhordland og legg mest midler i tunellforskrifta og rassikring.

Eg kallar inn til eit møte der vi drøfter dette – så kan alle « grunne » litt på Ståle og mi si vurdering av situasjonen etter at saka har vore sjekka både i SVV og fylket.

Mvh  
Astrid Aarhus Byrknes og Ståle Juvik Hauge

---

**Fra:** Arne Eikefet  
**Sendt:** tirsdag 12. september 2017 09:00  
**Til:** Ordførar Lindås; mg-tang@online.no  
**Kopi:** Hogne Haugsdal; Ståle Juvik Hauge; Tove Mette Arnø Fyllingen; Stein Hallgren <s-hallgr@online.no> (s-hallgr@online.no)  
**Emne:** Hellesåsen/Apalen, - tilbakemelding etter møte med SVV 07.09.17

Hei.

Som tidlegare informert om hadde eg eit møte med Statens vegvesen den 7/9 om denne saka. På møte var Sindre Lillebø, Tor Høyland og Marianne Skulstad frå SVV. Frå Lk hadde eg med inneleigd VVA-konsulent Stein Hallgren.

Trafikksikringsprosjektet for Hellesåsen/Apalen vart gjennomgått og diskutert i den hensikt å finne økonomisk akseptable løysingar for gjennomføring.

Frå kommunen si side var det viktig å få endra en del forutsetningar i det foreløpige prosjektmatriellet som utbyggjarane tidlegare har sendt inn til SVV:

- Aksept for å kunne etablere fortau med minimumsbredde utan å måtte foreta omregulering.
- Unngå den hittil forutsatte ombygginga av fylkesvegen til statleg utbetningsstandard.
- Kome fram til akseptable sikringssoner for fjellskjæringar.

Kommunen fekk aksept for desse punkta. Vidare vart forslaget om å erstatte fortauet på den nedre delen med fartshumpar diskutert, men ingen av partane fann dette trafikksikringsmessig faglig forsvarlig i denne samanheng. Omforeint framlegg til prosjekt pr i dag er då slik kommunen har foreslått i si oversending til SVV før ferien.

SVV peika forøvrig på at vegeigar Hordaland Fylkeskommunen som prinsipp legg ei eventuell finansiering av slike prosjekt inn i dei lokale vegpakke, her Nordhordlandspakka. Det vert difor opp til den politiske styringa i denne om dette prosjektet vert prioritert. I tillegg kan det kome politisk initierte utbetningspakker frå HFK på fylkesvegnettet. Ein føresetnad for tildeling av midlar her er at prosjekta på førehand er ferdig detaljprosjekterte med godkjente løysingar og grunneigaravtaler.

Etter møtet har vi etter diverse signal frå SVV justert litt i kostnadskalkylen vår. Sluttsom pr i dag vert då ca 11 millionar eks mva.

Ut frå den dialogen det har vore mellom ordførar og Apalen Sør reknar eg med tilbakemelding på prosess vidare.

Mvh

**Arne Eikefet** | Prosjektleder infrastruktur og samferdsel

E-post: [are@lindas.kommune.no](mailto:are@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 975 26 136

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Arne Eikefet  
**Sendt:** 30. juni 2017 10:19  
**Til:** Ordfører Lindås  
**Kopi:** [mg-tang@online.no](mailto:mg-tang@online.no); Hogne Haugsdal; Ståle Juvik Hauge; Tove Mette Arnø Fyllingen; Stein Hallgren <[s-hallgr@online.no](mailto:s-hallgr@online.no)> ([s-hallgr@online.no](mailto:s-hallgr@online.no))  
**Emne:** SV: APALEN SØR

Hei.

Etter gjennomgang av tekniske føresetnader og tidlegare prosessar her, har eg fått utarbeidd eit noko justert framlegg til anleggsutføring. Dette er saman med nytt kostnadsestimat og notat om den historiske utviklinga i saka oversendt Statens vegvesen. Samstundes bad eg om å få eit snarleg møte med Vegvesenet.

Dei har tilbakemeldt at dei ikkje kan ta dette møtet før ei stund etter ferien og eg har i dag fått dette møtet fastsett til torsdag 7/9 klokka 10 -11 hjå SVV.

Dette til informasjon.

**Arne Eikefet** | Prosjektleder infrastruktur og samferdsel

E-post: [are@lindas.kommune.no](mailto:are@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 975 26 136  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



---

**Fra:** Ordfører Lindås  
**Sendt:** 31. mai 2017 11:19  
**Til:** Hogne Haugsdal; Ståle Juvik Hauge; Arne Eikefet; Tove Mette Arnø Fyllingen

**Kopi:** [mq-tang@online.no](mailto:mq-tang@online.no)

**Emne:** APALEN SØR

Hei

I går 30.mai 2017 hadde eg eit møte med M Tangen frå Apalen sør. Utvalsleiar PMU skulle vore med , men grunna sjukdom så møtte eg Tangen aleine.

Vi hadde eit uformelt , men konstruktivt møte etter ynskje frå Tangen , og vi var inne på ulike utfordringar som eg kort vil beskrive.

1. Etter det politiske vedtaket om rekkjefølgekrav tilknytta reguleringsplanen så har abreidet med å utvikle området stoppa opp då det er krevjande å få dette til. Grunnen er store økonomiske kosekvenser noko som betyr høge tomteknader som igjen vanskeleggjer prosjektet. Kommunestyret har i sitt vedtak knytta rekkjefølgekrav til planen, og dette vanskeleggjer realisering.
2. Vi snakka om kva type løysingar som finnes for å kome vidare. Tangen er glad for den gode dialogen han har med bla Arne Eikefet – og refererte til at Arne skulle sjekke opp med SVV – vegkontoret om forståinga av rekkjefølgjekravet, og kvifor SVV og viser til sjølve fylkesvegen og utbetring av den. Tangen vil når han har fått infomasjon hjå Arne om dette, skrive eit kort notat om utfordringane dei ser, kva type trafiksikringstiltak dei som utbyggjarar kan gjere for ein tryggare skuleveg, beskrive prosessen fram til no og kva dei kan bidra med av økonomi. Han vil også rette spørsmål om eit spleiselag med kommunen, eller om kommunen kan ta jobben med utbetringane slik at mva kjem inn som del av økonomien i dette.
3. Spørsmål som blei stilt av Tangen var bla om kommunestyret kan ta saka opp på ny og gjere nytt vedtak utan rekkefylgje krav – altså oppheve desse, eller kan FO / PMU be om at adm ser på løysingar og kjem attende med ei sak til politisk handsaming, elller bør utbyggjar søkje disp frå rekkefylgjekrava i planen ?

Eg tenkjer at adm v/ rådmann og ordfører / utvalsleiar drøfter saka vidare basert på den informasjonen vi får frå vegkontoret v/ Arne.

Saka er nok ganske fastlåst – så spørsmålet er kva som kan gjerast for å « låse den opp ».

Tangen bad også om å få på mail dei politiske sakene som var i kommunestyret vedk planen – der også vedtaket om rekkjefølgekrav er beskrevet.

Kopi av denne mailen går til M Tangen som ei oppsummering av møtet vårt som lova.

Mvh

Astrid Aarhus Byrknes